



Saksbehandlar: Mie Dahl Pind, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/3972-33

Regional plan for klimaomstilling 2018-2021 - Høyringsutkast

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slik vedtak:

Framlegg til Regional plan for klimaomstilling 2018-2021 vert lagt ut til offentleg ettersyn med høyringsfrist 29. april 2018, jf. plan- og bygningslova § 8-3.

Vedlegg:

- 1) Regional plan for klimaomstilling i 2018-2021 – Kunnskapsdel, høyringsutkast
- 2) Regional plan for klimaomstilling i 2018-2021 - Plandel, høyringsutkast
- 3) Regional plan for klimaomstilling i 2018-2021 - Handlingsprogram 2018-2019, høyringsutkast

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I regional planstrategi 2016-2020 har fylkestinget vedteke at det skal utarbeidast ein Regional plan for klimaomstilling. I fylkesutvalet 25. januar 2017 blei planprogrammet for planen vedteke (FU-sak 3/17), medan framdriftsplanen for planen vart endra i fylkestinget 17. oktober 2017 (FT-sak 34/17). Etter ny framdriftsplan skal planframlegget leggjast ut til offentlig ettersyn i februar/mars 2018, og fylkestinget skal vedta planen i juni 2018.

2. Plandokument og handlingsprogram

Regional plan for klimaomstilling er tredelt og har ein kunnskapsdel, ein plandel og eit handlingsprogram, jf. under. Kunnskapsdelen er utarbeidd først, og er lagt til grunn for plandelen og handlingsprogrammet.

Regional plan for klimaomstilling 2018-2021	
Kunnskapsdel	Status, utviklingstrekk og utfordringar
Plandel	Strategiar og mål for planperioden
Handlingsprogram 2018-2019	Tiltak som vert prioritert i planperioden

2.1 Plandel

Regional plan for klimaomstilling har eit overordna mål om «Saman å få til klimaomstilling i Sogn og Fjordane». I samsvar med planprogrammet (FU-sak 3/17) og tilråding frå planutvalet (PU-sak 6/17), er det prioritert åtte plantema. For å oppnå det overordna målet er det på bakgrunn av utfordringsbiletet i kunnskapsgrunnlaget definert eit temamål for kvart plantema.

OVERORDNA MÅL FOR PLANEN

Saman få til klimaomstilling i Sogn og Fjordane

Der fylket

- tek sin del for å nå dei nasjonale måla om utsleppsreduksjon
- er best mogleg budd på klimaendringane
- ikkje byggjer ny sårbarheit inn i samfunnet
- reduserer sårbarheit i eksisterande bygg og infrastruktur

TEMAMÅL

Energiforsyning

Sogn og Fjordane bidreg til å auke delen fornybar energi.

Areal og transport

Samordna areal-, bustad og transportplanlegging bidreg til reduksjon i klimagassutslepp og tilpassing til klima i dag og i framtida.

Forsking, innovasjon og bruk av ny teknologi bidreg til låg- og nullutsleppsløysningar.

Klimavenleg landbruk

Landbruksnæringa i fylket vert drive på ein meir klimavenleg måte enn i dag, og er tilpassa framtidige klimaendringar.

Forbruk

Gjennom eit endra og redusert forbruk bidreg Sogn og Fjordane til utsleppsreduksjon og klimaomstilling i samfunnet.

Energibruk i bygg

Sogn og Fjordane reduserer og effektiviserer energibruk i bygg.

Næringsliv og teknologi

Næringslivet i Sogn og Fjordane bidreg til det grøne skiftet.

Klimatilpassing

Gjennom utvikling av kompetanse og kunnskap reduserer Sogn og Fjordane klimasårbarheita si, og er godt nok budd på dagens og fram-tidige klimautfordringar.

Klimakunnskap og klimakommunikasjon

Sogn og Fjordane bidreg til utdanning av ein nullutsleppsgenerasjon og aukar kunnskapen i den vaksne befolkninga.

I plandelen vert det for kvart plantema presentert:

- **Utfordringsbiletet, som** er ei kort oppsummering av kunnskapsdelen.
- **Temamålet, som** definerer korleis det einskilde plantemaet skal bidra til å nå det overordna målet for planen.
- **Effektmåla**, som set ambisjonen for kva fylket skal oppnå i eit langsigktig perspektiv. Effektmåla summerer opp den ønska effekten av resultatmåla og tiltaka.
- **Resultatmåla**, som er konkrete og målbare ambisjonar for kva fylket skal nå innan gjeldande planperiode. Tiltaka i handlingsprogrammet er direkte kopla til resultatmåla.

Nokre av måla i planframleggget gjeld konkret korleis fylkeskommunen skal klimaomstille eiga verksemd. Samstundes er måla utforma slik at dei er relevante også for andre aktørar, og måla gir ein god peikepinn på korleis også andre aktørar kan eller bør jobbe med klimaomstilling. Når kommunane inkluderer klima i kommuneplanar eller i kommunedelplanar, eller når andre aktørar i

regionen utarbeider klimaplanar, bør dei ta utgangspunkt i måla i Regional plan for klimaomstilling og tilpasse desse til sin kontekst.

Regional plan for klimaomstilling set mål for fylket for planperioden 2018-2021.

2.2 Handlingsprogrammet 2018-2019

Handlingsprogrammet har 34 tiltak. Vidare har programmet eit vedlegg med 30 tiltak som er retta meir mot kommunal verksemd. Kommunane kan nytte denne lista som ein idébank i sitt arbeid.

Det gode klimaarbeidet som aktørar i fylket allereie gjer i dag, med eksisterande rutinar, aktivitet og prosjekt, men som ikkje er teke med i handlingsprogrammet er sjølvsagt viktig å vidareføre. Dette gjeld også relevante tiltak i andre regionale planar som ikkje er omtala her.

Tiltaka i handlingsprogrammet er direkte kopla til resultatmåla i Regional plan for klimaomstilling 2018-2021, samt det overordna målet om «Saman få til klimaomstilling i Sogn og Fjordane».

Tiltaka i handlingsprogrammet krev ekstra merksemd og innsats i gjeldande planperiode, og set føringar for bruk av klimamidlane i fylkeskommunen.

2.3 Tiltak

Det er særleg tre tiltak i handlingsprogrammet som fylkesrådmannen ynskjer å løfte fram.

Tiltak 1: Etablering av eit regionalt nettverk for klimaomstilling i Sogn og Fjordane

I ekspertutvalet sin rapport frå februar 2018 om desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunane vert klima trekt fram som eit område der det er viktig med god regional samordning. Sett opp mot dette bør fylkeskommunen ta eit slikt initiativ knytt til klima. Vi tilråd difor at fylkeskommunen tek initiativ til å opprette eit fast nettverk for klimaarbeidet.

Nettverket skal ta utgangspunkt i eksisterande samarbeidsarenaer:

- Gruppa som jobbar med klimaomstillingskonferansen
- Styringsgruppa for regionalt klimasamarbeid

Tiltak 3: Etablering av Klima- og miljøpris

Det er planlagt å opprette ein klima- og miljøpris med formål om å inspirere og hjelpe fram klima- og miljøarbeidet i fylket.

Tiltak 5: Tilskotsordning til klima- og miljøtiltak

Tiltaket er ei vidareføring av eksisterande tilskotsordning klima og miljø. Tilskotsordninga skal fremje initiativ til handling for klimaomstilling og berekraftig utvikling av fylket.

Tilskotsordninga blir i dag forvalta av fylkesrådmannen der midlane går til prosjekt og arbeid som byggjer opp om fylkeskommunale planar og om handlingsprogrammet for klima og miljø. Ordninga er finansiert med 200 000 kr i årlege budsjettmidlar frå teneste 7154 Utviklingsarbeid klima. Samla budsjett 2018 på tenesta er 1,580 mill. kr.

Finansutvalet gjorde den 3. mai 2017 følgjande vedtak:

«Finansutvalet ber fylkesrådmannen i samband med arbeidet med ny klimaplan greie ut etablering av eit klimafond for Sogn og Fjordane.»

Etablering av eit ev. klimafond er ei langsiktig løysning. Med i underkant av to år til samanslåing med Hordaland fylkeskommune, vurderer fylkesrådmannen det som lite føremålstenleg å etablere eit eige fond no. Fylkesrådmannen føreslår i staden at noverande tilskotsordning vert styrka med 2 mill. kr i 2018, og at vi har intensjon om å gjere det same i 2019. Det vert lagt opp til finansiering gjennom budsjettrapporten pr. 1. tertial 2018. På denne måten vil vi kunne få same effekt i desse to åra som eit nytt fond ville gitt.

Ordninga må kunne nyttast av både offentlege og private aktørar der kriteria for å nå opp i stor grad vert knytt mot kva effekt tiltaket har for klimaet. Tiltaka som får støtte skal bygge opp under satsingane i Regional plan for klimaomstilling og handlingsprogrammet.

Dagens tilskotsordning er forvalta av fylkesrådmannen v/planstabben. Fylkesrådmannen føreslår at dette held fram etter at ordninga vert styrka. Ordninga kan ev. ha fleire søknadsfristar i året.

3. Vidare arbeid

Det vert tilrådd at Regional plan for klimaomstilling vert lagt ut til offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 8-3. Høyringsdokumenta består av tre dokument; ein kunnskapsdel, ein plandel og eit handlingsprogram. Høyringsfrist for planen vert sett til 29.04.2018. Planen skal endeleg vedtakast i fylkestinget i juni 2018.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at høyringsutkast til Regional plan for klimaomstilling 2018-2021 vert lagt ut til offentleg ettersyn med høyringsfrist 29. april 2018, jf. plan- og bygningslova §8-3.